



Kjære føresette og elevar.

Måndag 13. oktober i 4. og 5. time arrangerer ungdomsskulen eit sponsorløp på Stemmen til inntekt for TV-aksjonen 2025. Pengane går til Atlasalliansen, som arbeider for å betre livet til menneske med funksjonsnedsettingar som lever i krig og fattigdom.

Kvar elev skal prøve å skaffe seg ein sponsor – anten eit fast beløp eller ei gåve per runde dei spring. Me veit mange allereie gir til TV-aksjonen, men det er kjekt om de vil støtte gjennom skulen sitt bidrag. Det er mogleg å gi bidrag via Vipps, sjå QR-kode under.

Sjølve løpet varer i 60 minutt, og elevane blir oppmoda til å kle seg ut og lage ei gøyale ramme rundt arrangementet.

Med venleg helsing

Alle tilsette på ungdomsskulen

